

Årsmøtesaker Eikefjord IL – Søndag 1.Mars

Sak 1. Utmelding av Triatlonforbundet

Motivasjon: Eikefjord IL har vore medlem av Triatlonforbundet. Dette ynskjer ikkje idrettslaget lenger, men for å bli utmeldt må vi ha eit gyldig årsmøtevedtak på dette.

Vedtak: Eikefjord IL melder seg ut av Triatlonforbundet.

Sak 2. Innmelding til funksjonell fitnessforbundet/NOR3F

Motivasjon: Eikefjord IL gjennom ETS gruppa ynskjer å melde seg inn i funksjonell fitnessforbundet/NOR3F. Årleg avgift er kr 1 000. Det gir ETS muligheter for å søke refusjon på kjøp av utstyr. Innmelding krev årsmøtevedtak på saka.

Vedtak: Eikefjord IL (ETS) melder seg inn i funksjonell fitnessforbundet/NOR3F.

Sak 3. Oppretting av prosjektgruppe: Nyskapande aktivitetsanlegg (Eikefjord Arena)

Motivasjon: Eikefjord IL ynskjer å starte opp planlegging/prosjektering/gjennomføring av nyskapande aktivitetsanlegg som ligg i Kvalvikdalen, der det tidligere friidrettsanlegget og grasbana ligg. Dette er eit svært stort prosjekt for Eikefjord IL både økonomisk og ressursmessig, og vi ynskjer å spisse dette arbeidet med å opprette ei eiga prosjektgruppe. Gruppa skal rapportere til hovedstyret (sjå organisasjonskart – eiga sak). Eikefjord IL ynskjer at Brigte Olav Samdal skal lede denne prosjektgruppa, og at han får fullmakt til å rekruttere medlemmer til gruppa.

Vedtak: EIL oppretter ei prosjektgruppe, som skal jobbe med nyskapande aktivitetsanlegg (Eikefjord Arena). Grappa vert leda av Brigit Olav Samdal.

Sak 4. Oppretting av prosjektgruppe: Turstier (nye og vedlikehald av gamle stier)

Motivasjon: Eikefjord IL ynskjer å starte opp planlegging/prosjektering/gjennomføring av turstiprosjekter (7 stykker) som EIL har fått inn på Kinn Kommunes 4 årige prioriteringsliste for idrett, fysisk aktivitet og friluft. Dette er eit stort prosjekt for EIL både økonomisk og ressursmessig. Grappa skal rapportere til hovedstyret (sjå organisasjonskart/eige sak). Eikefjord IL ynskjer at Per-Øyvind Sørbo skal lede denne prosjektgruppa og at han får fullmakt til å rekruttere medlemmer til gruppa.

Vedtak: Eikefjord IL oppretter ei prosjektgruppe – som skal jobbe med å bygge nye og vedlikehalde gamle turstier. Grappa vert leda av Per-Øyvind Sørbo.

Sak 5. Nytt organisasjonskart for Eikefjord IL

Motivasjon: Fleire store prosjekt gjer at EIL ynskjer å organisere seg annleis enn før – sjå organisasjonskart.

Vedtak: Årsmøte vedtar nytt organisasjonskart for EIL.

Sak 6. Årsmeldinga 2025 EIL

Motivasjon: Årsmeldinga for 2025 er lagt fram for årsmøte for godkjenning.

Vedtak: Årsmeldinga for 2025 vert godkjent.

Sak 7. Budsjett for 2026 EIL

Motivasjon: Budsjett for Eikefjord IL 2026 vert lagt fram for årsmøte for godkjenning.

Vedtak: Budsjett for 2026 EIL vert godkjent.

Sak 8. Valg av nytt styre i Eikefjord IL 2026

Motivasjon: Leiar i valkomiteen legg fram forslag for nytt styre i 2026 i EIL.

Vedtak: Val.

Sak 9. Valg av ny valgkomite 2026

Motivasjon: Leiar i valkomiteen legg fram forslag for ny valkomite i EIL 2026.

Vedtak: Val.